



Elevane tente lys for å minnst utryddingane under andre verdenskrigen.



Telavåg-elevane Ida Telle, Emma Hellesø, Robert Lokøy og Dan Telle fekk noko å tenkja på i løpet av dagen på Nordsjøfartmuseet.



– Det er utruleg trist å tenkja på det grufulle som hendte, seier Tijana Milenkovic og Alia Al-Esawie frå Møhlenpris.

Kom tett på jødeutryddingane

Seks millionar jødar vart utrydda under andre verdenskrigen. På Nordsjøfartmuseet fekk elevar frå Møhlenpris skule høyra om lagnaden til jødar frå deira eige nabolag.

TELAVÅG: – Det er utruleg trist å høyra om og tenkja på, seier Tijana Milenkovic.

Ho går i sjuande klasse på Møhlenpris skule, og har akkurat opplevd eit skodespel om kva som hende med jødiske bergensarar på hennar eigen alder under krigen. – Me må håpa at noko slikt aldri skjer igjen, seier klasseveninna Alia Al-Esawie.

BERGEN, 25. OKTOBER 1942: At jødar blir uglesett og dårleg behandla i Noreg, er ikkje noko nytt. Men denne dagen endrar alt seg til det langt, langt verre for lokale jødar. Norske politimenn drar rundt og hentar inn jødiske menn i Bergen. Desse bur i hovudsak på Møhlenpris. Ein måned etter hentar eit altfor velvillig politi også kvinnene og barna. Mange av barna blir henta på skulen sin, og blir rive vekk frå måpande klassar. Dei jødiske bergensarane blir sendt til konsentrasjonsleirar, og blir masseutrydda. Av 770 norske jødar, overlever berre 30 krigen. Utryddingane finn stad av ein enkelt grunn. Jødane vart sett på som annleis. Og det skal ein ikkje vera i eit Europa der nazistane bruker gamle fordommar mot folkegruppa til å setja i verk «den endelege løysinga».

NORDSJØFARTMUSEET I TELAVÅG, 1. februar 2011: Til lågmelt musikk frå «Schindlers liste» kjem elevar frå Telavåg og Møhlenpris stille og rolig inn i museet. Her får dei høyra om korleis jødar,

sigøyningar, funksjonshemma, psykisk utviklingshemma, psykiatiske pasientar og homofile vart forfølgde og slakta ned under andre verdenskrigen. Alle som var aneis, skulle bort. Elleve millionar menneske vart gassa ihjel eller myrda med andre metodar. Ei av desse var Anne Frank. Fleire av elevane har høyrte om ho frå før, men her får dei heile historia. Og den er tung å bera.

– Det er vanvittig trist, seier Dan Telle frå Telavåg.

– Eg har lært mykje og ikkje visste frå før, seier Alia Al-Esawie frå Møhlenpris.

DATOEN FOR SAMLINGA i Telavåg er ikkje tilfeldig vald. 1. februar 1945 frigjorde sovjetiske soldatar Auschwitz i Polen, den største og mest vanvittige konsentrasjonsleiren under nazi-styret i Europa. I vekene og månadane som følgjer vart andre konsentrasjonsleirar frigjort, sjokkerte soldatar frå aust og vest blir vitne til at det ikkje finst grenser for menneskeleg vondskeleg. Men mange har høyrte rykte om at det er endå verre i Auschwitz. Anne Frank er mellom dei som hamma i Auschwitz. Men ho blir overført til Bergen-Belsen. Der døyr ho av tyfus berre veker før engelske styrker frigjer denne konsentrasjonsleiren.

I TELAVÅG BLIR FORTELJINGA brått avbroten. Elevane kvepp til av dei harde rop. To norske politimenn kjem inn. Dei er ute etter Sara. Sara med J. Jødejenta.

– Kor er ho? Me går ikkje herfrå før me har funne ho! seier den eine politimannen.

– Me prøver berre å gjera jobben vår, det er best de samarbeider, seier den andre.

Til slutt finn dei Sara. Ho protesterer, men til ingen nytte. Sara blir eskortert heim for å pakka med seg det aller mest elskar frå Telavåg og Møhlenpris stille og rolig inn i museet. Her får dei høyra om korleis jødar,



oppmoda om å by på tinga. Og let seg riva med.

FRAMSTÅANDE NAZISTAR blir straffa under Nürnbergprosessane i åra etter krigen. Men dei fleste som var involvert i utryddingane, går

fri. Og dei som stod passive og let det skje, vart ikkje straffa. Men eit heilt Europa håpar at slike masseutryddingar aldri vil skje igjen. Markeringa i Telavåg er eit ledd i arbeidet med å sikra at det ikkje skjer igjen.

– Eg har lært noko i dag. Eg håpar ikkje det skjer slike ugjerningar att, seier Ida Telle frå Telavåg.

KYRRE STYVE
kyrre@vestnytt.no

56 33 65 18

Framfor augo på elevar frå Telavåg og Møhlenpris blir den jødiske jenta «Sara» henta av norsk politi. Neste stopp for Sara er ein konsentrasjonsleir. Skodespelarane frå Vestlandske Teatersenter klarar å formidla ondskapen. Alle foto: Kyrre Styve



Kurt Nilsen blir det store trekkplasteret under sommarfesten på Straume 18. juni. – Jeg er veldig, veldig fornøyd med at han kommer hit, sier Rolf Øvretveit. Foto: Pressefoto.

Kurt Nilsen til sommarfesten

Kurt Nilsen blir trekkplasteret på årets sommarfest. Rolf Øvretveit er dessuten bombesikker på at han har booket vinneren av årets norske Melodi Grand Prix.

STRAUMEDAGANE: – Vi har lenge prøvd å fått Kurt Nilsen til Sommarfesten, og nå kommer han. Det blir veldig veldig kjekt og stor stas, sier Rolf Øvretveit, festgeneral på Straume.

Høy allsangfaktor

Lørdag 18. juni står Nilsen på scenen i idrettsparken på Straume. Da er det nok en gang duket for Sommarfesten i idrettsparken, med tusenvis av publikum på plass. Fra før er det irske rockebandet Aslan og det engelske ABBA-tribute-bandet 1974 klar for festkvelden.

– Det blir første gang Kurt Nilsen har konsert her ute, og han blir uten tvil det store trekkplasteret. Han kan tilføre sommarfesten alt det vi vil ha – god musikk og høy allsangfaktor, sier Øvretveit.

Kurt Nilsen slo som kjent gjennom med et brak etter å ha vunnet både den norske og den internasjonale Idol-finalen.

I sommer skal han ut på en omfattende norgesturne, for å feire sine åtte år som artist. Ett av stoppene blir Straume. Det betyr et gjenhør med mange av sangene han har spilt inn på plate siden Idol-seieren.

Spår nok en vinner

Rolf Øvretveit stoler i tillegg

nok en gang på sin egen magesfølelse når han i god tid før den norske Grand Prix-finalen har booket den norske Grand Prix-artisten Stella Mwangi til Straumedagane 17. - 19. juni.

Straumedagane er en nyvinning som inkluderer både Sommarfesten lørdagskvelden og Familiedagen i idrettsparken på søndagen, samt flere konserter i Sartorområdet torsdag og fredag.

Stella Mwangi vil syngje på nattåpent på Sartor fredag kveld, hun vil dukke opp på scenen under Sommarfesten lørdag kveld og vil ha en lengre konsert under Familiedagen på søndag.

– Stella Mwangi kommer til å vinne den norske Grand Prix finalen. Hun vil også bli blant de fem beste i den internasjonale finalen. Om ikke folk er lei av at Norge vinner, kan hun også vinne der også, spår en selvsikker Rolf Øvretveit.

– Hvordan vet du dette?

– Jeg har et øre for låter som folk vil ha. Det er jeg ganske flink til, om jeg skal si det selv. Dette er en låt som skiller seg ut, mens mye av det andre har man gjerne hørt 20 ganger før. Låten hennes har masse rytmer, og det er tøft, sier Øvretveit.

Flott artist uansett

Stella Mwangi er opprinnelig fra Kenya, og flyttet til Norge som 4-åring. 24-åringen fra Lillestrøm fikk flest stemmer under delfinalen i Skien i helgen, med sangen «Haba Haba». Mwangi gav i 2008 ut sin første plate.



Spåmannen Rolf Øvretveit er helt sikker på at Stella Mwangi er årets vinner av den norske Melodi Grand Prix-finalen. Mwangi, her i en noe glanset utgave, kommer derfor til Familiedagen på Straume søndag 19. juni, og vil også opptre under Sommarfesten 18. juni. Foto: Pressefoto.

– Hva tenker du dersom hun ikke vinner?

– Da har jeg tatt feil. Men jeg anser den muligheten som veldig liten. Uansett blir det en kjekk artist å få på besøk, sier Øvretveit.

Som forøvrig har spådd riktig før: Da Alexander Rybak vant den norske finalen, var Øvretveit rask med å booke ham, og var helt sikker på at Straume kom til å få vinneren av den internasjonale finalen på besøk. Slik gikk det også da Rybak kom til Straume som en internasjonal stjerne.

JORUN K. ØGAARD
jorun@vestnytt.no

56 33 65 16